



# Vestland **FYLKESKYSTLAG**

Innkalling til

## Årsmøte i Vestland Fylkeskystlag 2021

Laurdag 13. februar 2021

Årsmøte kl 1300 – på digital plattform

1. Val av ordstyrar
2. Val av
  - a. Skrivar
  - b. Tellekorps
  - c. Protokollunderskrivere
3. Godkjenning av årsmøteinkalling
4. Godkjenning av årsmelding av 2020
5. Godkjenning av rekneskap 2020
6. Godkjenning av arbeidsplan 2021
7. Godkjenning av budsjett 2021
8. Innsende saker
9. Val
  - a. Styre og varamedlemmer
  - b. Kasserar og revisor
  - c. Valnemnd

Thomas Johnson, Leiar

# Årsmelding 2020

## Vestland Fylkeskystlag Fylkeslag i Forbundet Kysten

Vestland Fylkeskystlag har org. nr. 996 447 936.

Bankkonto: 3525.54.42950.

Web: [www.vfkl.no](http://www.vfkl.no)

### 1. Lokallaga i 2020

Fjell Kystlag	Bergen Kystlag	Keipane Kystlag	Nordfjordbåtlaget
Hope Trebåtlag	Askøy Kystlag	Holsnøy Kystlag	Hornelen Kystlag
Sund Kystlag	Sandviken Kystlag	Hardangerfjorden Kystlag	Indre Sogn Kystlag
Austevoll Kyst- og Sogelag	Vinnesholmen Kystlag	Opsangervågen Kystlag	
Bømlo Kystlag	Tysnes Kystlag	Kvinnherad Kystlag	
Sveio Kystlag	Sagvåg Kystlag	Kystlaget Romsa	

I 2020 har 21 kystlag i Hordaland og Sogn- og fjordane vore knytte til det regionale samarbeidsorganet Vestland fylkeskystlag. Laga har til saman om lag 1200 medlemmer, der 800 er hovudmedlemmer.

### 2. Styret i VFKL 2020

Leder: Thomas Johnson.

Kasserar: Eirik Adnanes.

Styremedlem: Kjell Magnus Okland.

Styremedlem: Liv Bjerknes.

Styremedlem: Cecilie Holm.

Styremedlem: Per Otto Svendsby.

Vara: Arnhild Lunde.

Vara: Edgar Storebø.

Vara: Svein Are Storesund.

Revisor: Harald Dag Grindheim

Valgkomite: Gunnar Onarheim, Kjell Klemetsen

### 3. Årsmøtet i 2020

Årsmøtet 2021 vart gjennomført på Hardanger fartøyvernsenteret den 29. februar 2020. Årsmøtet vart leia av Thomas Johnson. Dei 18 frammøtte godkjente innkallinga, årsmeldinga, rekneskapen, budsjettframlegget og arbeidsplanen for 2020 utan merknader. Saka om namneendring og språkvask av vedtekten skapte god debatt. Årsmøtet slutta seg til endringsframlegga frå styret

Valet vart avvikla på ein god måte med val av Thomas Johnson som leiar. Etter sakshandsaming og suppe, gjekk møtelyden på omvising på fartøyvernsenteret. På [www.vfkl.no](http://www.vfkl.no) -> Siste nytt finn du Kystkultur.no sin videoreportasje frå årsmøtet.

### 4. Fylkestreffet

På årsmøtet 2020 peikte styret på den synkande deltakinga på fylkestreff dei siste åra, og rådde til ei endring av både frekvensen og plassering av fylkestreffa framover. Fylkestreff 2020 vart slått saman med landstreff i Bergen. Deretter skulle styret vurdere å kalle inn til fylkestreff annakvart år, i staden for kvart år som tidlegare. Treffa skulle helst leggjast til andre arrangement i fylket. Dette for å styrke eksisterande arrangement og for å få opp deltakartalet.



Det vart diverre ikkje noko av verken fylkestreff eller landstreff. Covid19 stengde ned landet og større arrangement vart ikkje tillate under smittevernsregimet regjeringa gjorde landsomfattande.

### 5. Årebladet2020

Årebladet var planlagd å koma ut med to nummer i 2020. Men det var ikkje nok innsendt stoff frå lokallaga til å laga eit kvalitetsblad då fristen for innsending av stoff til våronummeret gjekk ut. Fristen vart utvida, utan at tilfanget vart særleg større, truleg grunna redusert aktivitet under pandemien. Då vart bladutgivinga utsett til hausten.

Oktobernummeret av bladet var på 36 sider og har hausta mange gode tilbakemeldingar.

Bladstyrar er styremedlem Kjell Magnus Økland.

Bladet vart trykt i A4-format i farge på glanset papir og sendt ut per post til medlemmane. Styret ønskjer å få til to trykte utgåver pr år, og arbeider for å finne ei økonomisk løysing for dette.

Tidlegare utgåver av Årebladet ligg no tilgjengeleg på fylkeskystlagets nettsider.

## 6. VFKL på internett



VFKL si nettside har adresse [www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no). Dette er ein felles portal med andre organisasjoner med maritimt og kystkulturelt føremål. Dette gjer det mogleg å finna oppdatert informasjon om VFKL til ein kvar tid – styret, referat frå styremøte, aktivitetar, video m.m. Fylkeskystlaget sine sider finnste under fanen «Andre kystkulturprosjekt». Evt. kan du skriva [www.vfkl.no](http://www.vfkl.no) i nettlesaren for å koma direkte inn på fylkeskystlaget sine nettsider.

Facebooksida til VFKL på Facebook er aktiv og har i skrivande stund auka frå 282 til 339 medlemmer siste år, ein auke på over 20 %. Aktiviteten der innehold ofte informasjon om arrangement i kystlaga, filmar og bilete frå aktuelle hendingar i rørsla. Kystkultur.no har i løpet av året produsert og lagt ut ein del filmar på YouTube om aktivitetane i ulike kystlagsmiljø.

## 7. Den Store Roen



Bergen kystlag tok ansvar for «Den store roen – 2020» i samarbeid med VFKL. Den Store Roen er ein familievenleg rotur med korte roetappar og kulturhistoriske strandhogg. Nytt av i år var planen om å gjera Den store roen til ei ‘byvandring frå sjøen’ i samband med Landsstemnet i Bergen. Då pandemien slo til og landsstemnet vart avlyst, såg det spøkje ut for Den store roen. Men godt uthåndiginga opp i stor nok grad til at arrangementet vart ein av dei få som kunne gjennomførast. Det meste føregjekk i separate båtar i eigne kohort. Då kasta Bergen kystlag seg rundt og laga eit heilt nytt opplegg med start på Stend, gjennom Grimseidkanalen, rundt Korsnes, overnatting på Skåtøy, omvising og historieforteljing i båtnaustet i Søvik, der tallause Oselvarar blei bygd og reparert, og avslutting på Ole Bull kafe ved Lysøen.

Den store roen viser vokster kvart år. Turen i 2020 samla 17 robåtar og 40 roarar i alderen 14 til ‘godt vaksen’. Responsen blant deltakarane var svært positiv, som tidlegare. Eit anna trekk er det gode været – det må vera eit godt teikn at Den store roen alltid (hittil) har føregått i sol og varme. Det er ei bragd på Vestlandet.

## **8. Økonomi og contingent**

Kontingensten i VFKL har i 2020 vore 30 kroner, som laget får som refusjon for kvart hovudmedlem frå Forbundet. Denne satsen har ikkje vore auka på mange år og er langt på overtid for revisjon. Drifta i 2020 har vore i balanse. Største utgiftsposten er produksjon og utsending av Årebladet.

20. januar 2020

Thomas Johnson

Leiar HFKL

## Sak 5 Rekneskap

---

Re: Regnskap, Hordaland Fylkeskystlag<sup>1</sup>  
melding

---

Harald Dag Grindheim <harald.dag.grindheim@gmail.com>

I går kl. 13:03

Til: Kurt Henning Ådnanes <heaadnan@online.no>, johnson@lysglimt.net  
<johnson@lysglimt.net> Kopi: Eirik Ådnanes <eirik.adnanes@haugnett.no>

Hei

Regnskapet til Hordaland Fylkeskystlag er revidert og funnet i orden.

Hilsen Harald Grindheim

Revisor for Hordaland Fylkeskystlag



# Vestland **FYLKESKYSTLAG**

## Sak 6 Handlingsplan

### Handlingsprogram 2021

Tiltak	Skildring	Tidspunkt
Årsmøtet	På digital plattform – årsmøtesaker	13. februar
Vitjing av Kystlag	Styremøte og vitjing i samband med treff, aktivitetar og styremøte	Heile året
Åreblad	To nummer, eit i trykk og eit berre PDF	10. april / 1. november
Vårslepp for kystlag	Vårmønstring i Bergen i lag med Forbundet Kysten	15. april
Strandrydding	Deltaking på Strandryddedagen	Våren
Landsmøte	Bergen	16-18. april
Fylkestreffet	Samarbeid med Hardanger fartøyvernsenteret - Trebåtfestivalen	11-13. juni
Landsstemnet	Moss	23-25. juli
Den Store Roen	Holsnøy Kystlag / Kvernbit Idrettslag	21-22. august

## Sak 7 Budsjett

Åreblad –	kr 30.000 inkl porto
Reise –	kr 5.000
Årsmøtet –	kr.2.000
Uforutsette utgifter –	kr 5.000

## Sak 8 Innsendte saker

- Budsjettinnspel til Forbundet Kysten sitt landsmøte - auka sats for overføring til lag som har etablert formelt samarbeid

Satsen frå Forbundet Kysten til lag som har etablert eit formelt samarbeid har vore uendra i minst 15 år. Satsen er 15 kroner og dannar grunnlaget for mykje av Vestland fylkeskystlag sin økonomi. Styret i VFKL ber lokale kystlag ta opp denne saka på årsmøtet i april under budsjetthandsaminga. Styret i Vestland Fylkeskystlag tykkjer at denne satsen kunne vore justert opp til 50 kr per hovudmedlem.

(Merk at Vestland fylkeskystlag ikkje har forslagsrett eller stemmerett på landsmøtet som skjer i april i Bergen, men VFKL-representantar kan få talerett.)

Landsstyret i Forbundet Kysten sender i midten av februar ut innkalling til landsmøtet. I innkallinga står det innsendingsfrist til landsmøtet. I følgje vedtekten til forbundet skal innkomne framlegg vera landsstyret i hende seinast 4 veker før landsmøtet. 14 dagar før landsmøtet sender landsstyret ut endeleg saksliste for landsmøtet. Altså må minst eit lokalt kystlag ha klart eit skriftleg framlegg (sjå vedlagt utkast) om auka kontigentoverføring til "kystlag som har etablert formelt samarbeid".

Til landsstyret i Forbundet Kysten

Stad, dato

## Innsendt framlegg til landsmøtet

### Budsjettinnspel: Justering av kronebeløp per medlem frå Forbundet Kysten til lag med formelt samarbeid

Bakgrunn:

Vestland fylkeskystlag (VFKL) er ei vidareføring av Hordaland fylkeskystlag, som sidan oppstarten i 1992 har vore eit formelt samarbeid mellom kystlaga i Hordaland. Som følgje av regionreforma gjorde laget i februar 2020 namnejustering til Vestland Fylkeskystlag, og lag tel i skrivande stund 21 lag.

Noko av det viktigaste VFKL gjer er å stå bak utgjevinga av Årebladet, som har kome sidan 1992-1993 med eitt til to nummer per år. VFKL ynskjer sterkt å gje ut to nummer per år, men dette er økonomisk svært vanskeleg med den noverande økonomien i VFKL.

Det er krønesatsen på budsjettposten overføring til kystlag med formelt samarbeid som dannar grunnlaget for VFKL sin økonomi. Per i dag er det 30 kroner per medlem som er satsen, og dette har vore uendra sidan i alle fall 2007.

For å gjera VFKL økonomisk i stand til å klara å gje ut to nummer av Årebladet per år vil me i NN kystlag koma med framlegg om ei justering av denne krønesatsen frå dagens 30 kroner til 50 kroner per medlem, slik at ein kan sikra dette viktige bladet. Årebladet er den viktigaste regionale bindelekken mellom kystlagsaktørane på Vestlandet og fortener å få koma ut med to utgåver i året.

**Framlegg til vedtak:**

Overføring frå forbundet til kystlag med formelt samarbeid:

Satsen vert justert frå dagens 30 kroner til 50 kroner per hovudmedlem.

Med helsing frå

NN

NN kystlag

**For styret i Vestland Fylkeskystlag**

Thomas Johnson, leiar

Birkeland 25.januar 2021

**Vestland Fylkeskystlag**  
**Årsmøte 13. februar 2021**

**Sak 9. Val - Innstilling frå valnemnda til styre i VFKL for 2021**

Leiar: Thomas Johnson. Vald for 2 ar som styremedlem. 1 ar som leiar . Ikkje på val som styremedlem. **Leiarvervet er på val (959 13 144) Gjenvalg som leder.**

Kasserer: Eirik Ådnanes. Vald for 2 ar i 2019. **På valg.** (90015016) **Gjenvalg.**

Styremedlem: Kjell Magnus Økland. Ikkje på val

Styremedlem: Liv Bjerknes. Vald for 2 ar i 2019. **På val** (906 22 504) **Gjenvalg.**

Styremedlem: Cecilie Holm. Vald for 2 ar i 2019. **På val** (952 56 118) **Gjenvalg.**

Styremedlem: Per Otto Svendsby. Vald for 2 ar i 2019. **På val.** (922 20 895) **Gjenvalg.**

Vara: Svein Are Storesund. Vald for 1 ar. **På val** (934 63 803) **Gjenvalg.**

Vara: Bernt Alsvåg, Bømlo kystlag, 911 85 872.

Vara: Morten Stigen, Strandvik kystlag, 404 02 690.

Valg av revisor:

Harald Dag Grindheim. Vald for 1 ar. **På val** **Gjenvalg.**

Valkomiteen:

Gunnar Onarheim – Tysnes kystlag. På val. **Gjenvalg**

Kjell Klemetsen – på val.

Mvh

Gunnar Onarheim